



STORTINGET

Stortingstidende

Referat fra møter i Stortinget

Nr. 43 · 28. januar
Sesjonen 2024–2025

Møte tirsdag den 28. januar 2025 kl. 10

President: Masud Ghara khani

Dagsorden (nr. 43):

1. Stortingets vedtak til lov om endringer i trossamfunnsloven (aktivitets- og antallskrav) (Lovvedtak 32 (2024–2025), jf. Innst. 111 L (2024–2025) og Prop. 116 L (2023–2024))
2. Innstilling fra transport- og kommunikasjonskomiteen om Revidert finansieringsopplegg for Førdepakken i Vestland fylke (Innst. 116 S (2024–2025), jf. Prop. 33 S (2024–2025))
3. Interpellasjon fra representanten Erlend Larsen til samferdselsministeren:
««Å begrense tilgang til metode for selvmord omfatter tiltak der man på ulikt vis forsøker å gjøre slike metoder mindre tilgjengelige» står det i regjeringens handlingsplan for forebygging av selvmord 2020–2025. I 2023 ble det registrert 707 selvmord i Norge. Enkelte av disse kunne vært unngått om man hadde klart å forebygge mot impulsive selvmord. Ved å begrense tilgangen til selvmordsmetoder gis helsevesenet en mulighet til å fange opp flere av disse menneskene. Innenfor samferdselsområdet er det mange steder hvor mennesker velger å avslutte sine liv, enten det er basert på impuls eller planlagt. Antall dødsfall på jernbanesporet har økt. Det er spesielt belastende for sjåfører, lokførere og vitner å bli utsatt for andre menneskers valg om å avslutte sitt eget liv. Hva er status og fremdriftsplan for selvmordsforebygging innenfor Samferdselsdepartementets ansvarsområde, og hvilken prioritet har det?»
4. Referat

Presidenten [10:00:05]: Representanten Geir Adelsten *Iversen*, som har vært permittert, har igjen tatt sete. Følgende innkalte vararepresentanter tar nå sete:

For Akershus: Kari Sofie *Bjørnsen*

For Buskerud: Solveig *Vestenfor*

For Hedmark: Bente Irene *Aaland* og Johan *Aas*

For Hordaland: Benjamin *Jakobsen*

For Oslo: Agnes Nærland *Viljugrein*

For Telemark: Tone E. Berge *Hansen*

For Sør-Trøndelag: Guro Angell *Gimse*

For Østfold: Fredrik *Holm*

Fra Arbeiderpartiets stortingsgruppe foreligger meddelelse om at den innvilgede permisjonen for representanten Åsmund *Aukrust* i tiden fra og med 27. til og med 29. januar er trukket tilbake.

Fra representanten Torbjørn *Vereide* foreligger meddelelse om at den innvilgede foreldrepermisjonen i

tiden fra og med 28. januar til og med 21. mars endres til å gjelde fra og med 4. februar.

– Disse meddelelser tas til etterretning.

Det foreligger to permisjonssøknader:

- fra Senterpartiets stortingsgruppe om permisjon etter Stortingets forretningsorden § 5 annet punktum for representanten Anja Ninasdotter *Abusland* fra og med 28. januar og inntil videre
- fra Høyres stortingsgruppe om permisjon for representanten Heidi Nordby *Lunde* i dagene 28. og 29. januar for å delta i møter med den felles parlamentarikerdelegasjonen til EFTA og EØS i Genève, Sveits

Etter forslag fra presidenten ble enstemmig besluttet:

1. Søknadene behandles straks og innvilges.
2. Følgende vararepresentanter innkalles for å møte i permisjonstiden:

For Vest-Agder: Eivind *Drivenes*

For Oslo: Michael *Tetzschner*

Presidenten [10:01:30]: Eivind Drivenes og Michael Tetzschner er til stede og vil ta sete.

Statsråd Jon-Ivar Nygård overbrakte 3 kgl. proposisjoner (se under Referat).

Presidenten [10:02:15]: Representanten Seher Aydar vil framsette et representantforslag.

Seher Aydar (R) [10:02:31]: På vegne av representantene Mímir Kristjánsson, Hege Bae Nyholt og meg selv fremmer jeg forslag om gratis helsehjelp for barn.

Presidenten [10:02:43]: Representanten Mímir Kristjánsson vil framsette et representantforslag.

Mímir Kristjánsson (R) [10:02:57]: På vegne av representanten Seher Aydar og meg selv vil jeg legge fram et representantforslag om å styrke sykelønnsordningen.

Presidenten [10:03:08]: Representanten Mona Fagerås vil framsette et representantforslag.

Mona Fagerås (SV) [10:03:11]: Da vil jeg på vegne av stortingsrepresentantene Kathy Lie, Freddy André Øvstegård, Grete Wold og meg selv framsette et representantforslag om en uavhengig evaluering av jernbanereformen.

Presidenten [10:03:39]: Representanten Geir Jørgensen vil framsette to representantforslag.

Geir Jørgensen (R) [10:03:39]: På vegne av representanten Marie Sneve Martinussen og meg selv vil jeg framsette et representantforslag om bedre regulering av turistfisket.

På vegne av representantene Tobias Drevland Lund, Mímir Kristjánsson, Sofie Marhaug og meg selv vil jeg framsette et representantforslag om opprettelse av statlig mineralselskap.

Presidenten [10:04:19]: Representanten Bjørnar Moxnes vil framsette et representantforslag.

Bjørnar Moxnes (R) [10:04:32]: Jeg vil på vegne av representantene Marie Sneve Martinussen, Hege Bae Nyholt, Geir Jørgensen, Mímir Kristjánsson og meg selv fremme forslag om å si opp baseavtalen med USA.

Presidenten [10:04:47]: Forslagene vil bli behandlet på reglementsmessig måte.

Sak nr. 1 [10:04:56]

Stortingets vedtak til lov om endringer i trossamfunnsloven (aktivitets- og antallskrav) (Lovvedtak 32 (2024–2025), jf. Innst. 111 L (2024–2025) og Prop. 116 L (2023–2024))

Presidenten [10:04:58]: Ingen har bedt om ordet.

Sak nr. 2 [10:05:02]

Innstilling fra transport- og kommunikasjonskomiteen om Revidert finansieringsopplegg for Førdepakken i Vestland fylke (Innst. 116 S (2024–2025), jf. Prop. 33 S (2024–2025))

Presidenten [10:05:17]: Etter ønske fra transport- og kommunikasjonskomiteen vil presidenten ordne debatten slik: 3 minutter til hver partigruppe og 3 minutter til medlemmer av regjeringen.

Videre vil det – innenfor den fordelte taletid – bli gitt anledning til inntil fem replikker med svar etter innlegg fra medlemmer av regjeringen, og de som måtte tegne seg på talerlisten utover den fordelte taletid, får også en taletid på inntil 3 minutter.

Sigbjørn Gjelsvik (Sp) [10:05:50] (leiar for komiteen og ordførar for saka): Eg vil først av alt nytte høvet til å takke både komité og departement for rask og effektiv saksbehandling i ei viktig sak for Sunnfjord kommune, og konkret for Førde.

Eit klart fleirtal i komiteen støttar det forslaget som er lagt fram frå regjeringa, mens eit mindretal går imot og har eigne forslag. Eg går ut frå at mindretalet vil gjere greie for sitt syn.

Saka handlar om Førdepakka, som Stortinget slutta seg til gjennom handsaminga av Prop. 137 S for 2014–2015. Utbygging og finansiering av Førdepakka omfattar 20 prosjekt fordelte på kommuneveg, fylkesveg og riksveg, saman med ei ramme til mindre tiltak. Bompeng einnkrevjinga starta hausten 2016 og skulle halde fram i tolv år, til hausten 2028. Det viser seg no at det ikkje lar seg gjennomføre å finansiere alle tiltaka i porteføljen innanfor dei økonomiske rammene for Førdepakka.

Det er kome eit initiativ frå Sunnfjord kommune og Vestland fylkeskommune, som har gått inn for å auke inntektene gjennom å utvide innkrevjingsperioden for bompengar. Utvida innkrevjingsperiode er rekna til å gje eit bompengbidrag på 615 mill. 2024-kroner og ytterlegare 126 mill. kr i momskompensasjon. Då vert det mogleg å finansiere alle dei 20 tiltaka i Førdepakka.

Det vert no venta lokalt på at Stortinget gjev si tilslutning til det som ligg føre i denne saka. Fleire viktige prosjekt står klare til utlysing på anbod. Det gjeld prosjektet i Angedalsvegen, det gjeld prosjektet i Kyrkjevegen, og det gjeld prosjektet med ny gangbru over Naustøyna – alle desse er prosjekt som står klare til å verte lyste ut på anbod. Ja, gangbrua over Naustøyna har altså vore klar til å kunne lysast ut på anbod i snart to år, og det er eit stort ønske lokalt om at ein no gjev tilslutning til det som ligg føre i denne saka.

Alternativet Framstegspartiets representantar tek til orde for, å sende saka tilbake igjen, er ei oppskrift på å skape uvisse og utsetjing i viktige prosjekt. Det er spesielt når vi veit at Framstegspartiet i sitt alternative budsjett for 2025 ikkje la inn ei einaste krone til å redusere bompengar, og så kjem ein no, nokre få veker inn i det nye året, og føreslår prosjekt som ikkje skal ha bompengfinansiering. Ein skaper uvisse og uklarheit i staden for å få gjennomført viktige prosjekt for Sunnfjord og for Førde.

Liv Kari Eskeland (H) [10:09:05]: Takk til saksordføraren for gjennomgangen av saka.

Høgre er oppteke av at det vert bygd effektive, sikre og trygge vegar her i landet. Me er opptekne av at det vert framdrift, og av at prosjekta vert realiserte. Dette betyr sparte menneskeliv og betre grunnlag for arbeidsplassar og næringsliv, og det gjev tryggleik for lokalsamfunn og for oss alle.

Lokal medfinansiering har diverre vorte regelen og ikkje unntaket når ein no byggjer veg i Noreg. Dette krev lokal tilslutning frå dei som er råka. Er ein med på det, er òg staten med på dette spleiselaget og stiller opp med sin del for å betala rekninga.

Ettersom ein lokalt ser viktigheita av å få slutført desse prosjekta, som det no viser seg ikkje å vera pengar

til gjennom den første finansieringsrunden, støttar Høgre proposisjonen slik han ligg føre. Det handlar om å få rasjonell framdrift og å få prosjekta ferdigstilte. Ein stopp i arbeidet vil utsetja trafikksikre løysingar og vil auka kostnadene og senda dei uteståande prosjekta ut i uvisse.

Me vil likevel understreka at det no er viktig å halda kostnadene nede og gjennomføra prosjekta så effektivt og kostnadsoptimalt som mogleg, men òg ha tanke for at dette skal vera til glede for trafikantane i mange tiår.

Me ønskjer lykke til med ferdigstillinga.

Frank Edvard Sve (FrP) [10:10:48]: Det er enkelte gonger eg eigentleg lurar på kvifor vi sit i denne salen. Kva er hensikta med å ha eit storting – eller f.eks. ei regjering, vi har jo samferdselsministeren i salen i dag – viss det skal vere sånn at det er innbyggjarane som skal betale for all vegbygging? Er det ikkje sånn at ei regjering også skal løyve pengar til vegbygging, eller er det berre innbyggjarane som skal ta rekninga? Når det viser seg at kostnadsveksten vert så stor – med bakgrunn i både politikken til dagens regjering, som har ført til skyhøg kostnadsvekst innan bransjen og området vegbygging, og også den generelle kostnadsveksten – skal altså dette finansierast i Førdepakken av innbyggjarane og bilistane. Det er ganske spesielt å høyre på leiaren i transportkomiteen, som meiner at det er heilt naturleg at det er innbyggjarane som skal betale når det vert ein kostnadsvekst. Regjeringa og Stortinget skal altså ikkje ta den støyten, den er det innbyggjarane som skal ta, bilistane. Det er totalt ulogisk.

Framstegspartiet meiner at det er fullt mogleg å bygge veg med statlege midlar. Det ser det ut til at regjeringa ikkje synest er fornuftig, men vi meiner at det faktisk er staten som må ta hovudansvaret for vegbygging. Når ein får ei pakke som Førdepakken, der kostnadsveksten fører med seg at ein er nøydd til å ta grep, er det staten som må ta det ansvaret. Det er faktisk staten som har vore med og ført til den kostnadsveksten som er i bransjen no. Det er ikkje innbyggjarane som har gjort at drivstoffprisane, anleggsprisane og kostnadsveksten er ført til himmels innanfor transport-, bygge- og anleggsbransjen. Er det innbyggjarane sin feil at det har skjedd? Nei, det er regjeringa sitt ansvar, og då må også regjeringa ta ansvar for kostnadsauken i dette prosjektet.

Difor har vi framlegget om å sende saka tilbake til regjeringa, så regjeringa kan finansiere den kostnadsveksten. Det er også ganske logisk. Like logisk er det at ein får ei sak tilbake til Stortinget for å finansiere vegbygging i Noreg utan bruk av bompengar.

Vi har vårt grunnlag i saka. Vi synest at det er regjeringa som må ta ansvaret, når det er regjeringa som har ansvar for kostnadsveksten i dette prosjektet. Dei står

bak den generelle kostnadsveksten, dei står bak kostnadsveksten i transport-, bygge- og anleggsbransjen, og det er heilt naturleg at dei tek ansvaret i denne saka og dekkjer kostnadene, i staden for å sende rekninga til innbyggjarane, som regjeringa og leiaren i transportkomiteen frå Senterpartiet så gjerne ønskjer. Då er forslaga fremja.

Presidenten [10:13:46]: Representanten Frank Edvard Sve har tatt opp de forslagene han refererte til.

André N. Skjelstad (V) [10:14:00]: Vi er en del av flertallet i denne saken om Førdepakken. Det er noen prinsipielle ting i det som ligger her, men det er full tilslutning fra oss om det som ligger i saken. I en del distrikter vil det være dyrere med 15 års innkrevningstid, slik det ligger i denne saken, så det var ikke noen direkte overraskelse at ting kan bli mer kostbart. Jeg synes det er fornuftig med hensyn til utviklingen i Sunnfjord kommune, og da særskilt i Førde, at flertallet i komiteen har gått inn for det som er tilrådingen her.

For et par års tid siden tok jeg opp det en kan kalle et spleiselag for å få ting gjennomført. I en ideell verden skulle det selvfølgelig ha vært penger til alt, slik Fremskrittspartiet mener, men vi er i hvert fall fra vår side realistiske på at slik er det ikke, hvis vi skal få mer og bedre veier i distriktene, med mindre trafikk. Derfor er det viktig at denne saken, der en nå utvider bompengennkrevningen i Førdepakken med fem år, også reiser noen prinsipielle ting. For to år siden fremmet jeg et forslag, som ikke akkurat fikk noen stor tilslutning i denne salen, om å utvide denne muligheten, nettopp fordi en da også kan få til bedre og mer trafikksikre veier ute i distriktene.

Det vil jo ha en presedens at en nå utvider innkrevningen i Førdepakken med fem år, noe jeg synes er bra og fornuftig, men det er også en rekke andre veiprojekter der det er uforholdsmessig dyrt for folk som bor lenger unna de sentrale strøkene. Derfor må det også melde seg for regjeringen at en kan begynne å vurdere noen av de prosjektene som gjør det veldig kostbart for dem som skal bo og leve andre steder enn i sentrale strøk. Jeg håper at statsråden kan dvele litt ved det, for dette synes jeg er bra, og det er såpass bra at en også må vurdere det i andre deler av landet enn akkurat bare dette spesifikke prosjektet.

Statsråd Jon-Ivar Nygård [10:17:10]: I 2015 sluttet Stortinget seg til Førdepakken gjennom behandling av Prop. 137 S for 2014–2015. Den bypakken omfatter kommunal vei, den omfatter fylkeskommunal vei, og den omfatter også riksvei. Bompengennkrevningen startet opp høsten 2016 og skulle etter planen holde på i tolv år, fram til høsten 2028.

Det har vist seg at ikke alle prosjektene i Førdepakken lar seg finansiere innenfor den økonomiske rammen man hadde. Derfor har det vært et sterkt lokalpolitisk ønske om å forlenge bompengerperioden. Formålet med pakken er å bedre trafikkavviklingen på en trygg og effektiv måte samt å legge bedre til rette for gang- og sykkeltiltak.

Jeg vurderer det slik at lokale myndigheter har gjennomført en ryddig prosess i saken. De har vist vilje til å gjøre tiltak for å øke inntektene. Det er fattet lokalpolitiske vedtak om å forlenge innkrevingen samt lokalpolitiske vedtak om fornyet garanti.

Regjeringen har lagt fram et forslag om å forlenge bompengennekningen i Førde i tråd med det lokale ønsket. Med det reviderte finansieringsopplegget blir bompengennekningen forlenget med fem år. Det er ikke lagt opp til endringer ellers i bompengeopplegget, og innkrevingen skal fortsette i de samme fem bomstasjonene.

Det reviderte finansieringsopplegget er beregnet til å gi 615 mill. 2024-kroner i bompengebidrag og 126 mill. kr i merverdiavgiftkompensasjon. Sammen med de midlene som står igjen fra tidligere, gir det en ramme til veiprosjektet på litt over 2,1 mrd. 2024-kroner i perioden 2024–2033. Det vil da gjøre det mulig å finansiere alle påstartede og gjenstående tiltak i Førdepakken og dermed sikre finansiering av viktige prosjekter i regionen, samt selvfølgelig også å bidra til de opprinnelige målene som var satt for Førdepakken.

Jeg vil understreke at regjeringen her har lagt fram et forslag som er fullt og helt i tråd med lokalpolitiske ønsker og vedtak, og jeg mener det er viktig at lokale myndigheter fortsatt skal ha den muligheten til å bidra til lokal utvikling av veinettet i sitt område gjennom bruk av bompengefinansiering.

Det er gledelig at komiteens flertall tilrår at Stortinget gjør vedtak i tråd med forslaget i proposisjonen.

Presidenten [10:19:46]: Det blir replikkordskifte.

André N. Skjelstad (V) [10:20:03]: Jeg er godt fornøyd med at statsråden sier at de lokale initiativene må høres på, men det er ikke til å komme fra, som jeg også sa i mitt innlegg, og som statsråden er godt kjent med, at dette – i og med at vi nå utvider Førdepakken med fem år – må gi en viss presedens for andre lignende prosjekter rundt omkring i landet. Det er ikke til å komme fra at trafikkgrunnlaget i en del av prosjektene er såpass mye mindre enn i sentrale strøk at det blir uforholdsmessig dyrt for mange som bor der. En del prosjekter har ikke gjort sikringstiltak som gang- og sykkelveier, for å komme i land med prosjektet. Er det da mulig å se for seg at vi nå vil være mer lydhøre for å utvide prosjektene fra 15 år til lengre tid enn det som er dagens regelverk?

Statsråd Jon-Ivar Nygård [10:21:03]: I denne saken gjør vi jo det, etter et veldig sterkt lokalpolitisk ønske. Det betyr ikke at vi innfører en generell regel som går utover de 15 årene. Det som er viktig å ha med seg i den diskusjonen, som jeg tror Skjelstad og jeg har hatt en diskusjon om her tidligere, er at dersom man forlenger innkrevingsperioden, betyr det i sum at prosjektene blir dyrere, fordi man skal lånefinansiere over lengre tid. For innbyggerne betyr det at man må betale over lengre tid. Det Skjelstad vel antyder, er at en får lavere pris på satser – i passeringdiskusjonen – men det er jo ingen måte å komme rundt kostnadene på. Kostnadene ligger der uansett.

André N. Skjelstad (V) [10:21:43]: Det skjønner jeg meget godt. Kostnadene vil ikke bli lavere, men de blir lavere per tur for dem som bor på den andre siden av bommene. Det er derfor vi tok opp dette i utgangspunktet. Med dagens regjering hadde vi trodd at det var ønske om en viss grad av bolyst – det tror jeg nabopartiet i regjeringen vil kalle det. Det er ikke å fremme det når det blir uforholdsmessig dyrt. Det er derfor det er ønskelig.

Venstre er for spleiselaget med muligheter til å se på bompengennekning, som en del andre i salen her ikke er. Vi tror det er fornuftig, men samtidig at det er fornuftig at det er en pris på passeringene som er til å leve med også for folk som bor på andre steder enn i sentrale strøk på Østlandet.

Statsråd Jon-Ivar Nygård [10:22:37]: Akkurat de vurderingene mener jeg lokalpolitikere er godt i stand til å gjøre. Det er de som fremmer et forslag til en bompengeproposisjon. Det er de som må sørge for å få oppslutning og tilslutning til det både i valg og gjennom kommunestyre og bystyre. Da må de gjøre avveininger og vurderinger: Hva slags belastning ønsker de å legge på innbyggerne i sin region for å realisere viktige prosjekter som kan føre til at man når klimamål, og at man får til ønsket samfunnsutvikling, trafiksikkerhet og alle de målene man ofte har for å utvikle lokalsamfunnet sitt?

André N. Skjelstad (V) [10:23:11]: Jeg er ikke uenig i de langsiktige målene, men det er selvfølgelig utfordrende for lokalpolitikere som har såpass dårlig struktur på veinettet at de ikke har noe valg. De er nødt til å gjøre dette. Da sier jeg bare at dette også må være med og danne en viss grad av presedens for framtidige bompengesøknader. Når vi har utvidet med fem år i denne saken, må det være likelydende for andre deler av landet enn for bare akkurat dette prosjektet.

Statsråd Jon-Ivar Nygård [10:23:46]: Jeg viser til den proposisjonen vi har lagt fram her, som handler om å løse en helt konkret utfordring i Førde. Det har vært sterke lokalpolitiske ønsker om å gjøre nettopp det.

Det står relativt greit beskrevet i proposisjonen at her skjedde det at mange av de prosjektene staten ønsket, og som kommunen ønsket, ble gjennomført, mens fylkesveiprojektene ikke ble gjennomført. Her er det tre parter som har vært sammen om å utvikle en bompengefinansiert løsning, og derfor mente vi at det var rimelig at man også fikk løst ut de prosjektene som var fylkeskommunale, for å få løst helheten i den pakken. Det er en vurdering vi har gjort knyttet til Førdepakken.

Presidenten [10:24:25]: Replikorkordskiftet er avsluttet.

De talere som heretter får ordet, har også en taletid på inntil 3 minutter.

Sigbjørn Gjelsvik (Sp) [10:24:44]: Representanten Sve frå Framstegspartiet viste til at det visstnok skulle vere dagens regjering som har ansvar for at prisveksten har vore høg dei siste åra, ikkje berre i Noreg, men i svært mange andre land rundt oss. Mange land rundt oss har òg hatt vesentleg høgare prisvekst enn Noreg. No er heldigvis prisveksten på veg ned.

Det som er endå meir spesielt med resonnementet til representanten Sve, er at han legg til grunn at når prisveksten har vore høg, er det regjeringa sitt ansvar å løyve pengar for å kompensere for det. Det er Stortinget som løyver pengar, og Stortinget har ikkje i denne samanhengen løyvd pengar til å skulle redusere bompengar.

La oss gjere eit tankeeksperiment der Framstegspartiet hadde fått fleirtal for sitt alternative budsjett for 2025 – det er jo ganske langt unna verkelegheita. Kor mykje hadde då vert brukt til å redusere bompengar? Det låg altså ikkje ei einaste krone føreslått frå Framstegspartiet i deira alternative budsjett, som dei sjølv styrer over hundre prosent, til å redusere bompengar for 2025. Om ein skulle følgd den politikken Framstegspartiet sjølv fremja i denne salen, hadde ikkje resultatet vore at ein hadde redusert bompengebelasting for bilistar i verken Førde-området eller andre område av landet. Nei, resultatet i denne saka hadde vore at dei prosjekta som no står klare til å kunne verte lyste ut på anbod, ikkje hadde vortne realiserte. Det er det som er konsekvensen av den politikken Framstegspartiet tek til orde for.

I kvar samanheng må vi vurdere og sjå på konsekvensen av bompengebelasting, både i enkeltprosjekt og i sum i eit område. Senterpartiet er oppteke av at vi over tid må bidra til å redusere bompengebelastinga. I den nasjonale transportplanen Senterpartiet og Arbeid-

darpartiet la fram sist gong, var det mindre bompengar føreslått i nye prosjekt enn det som låg i den planen. Framstegspartiet var med på å gje støtte til i førre periode.

Politikk handlar om å prioritere. I denne samanhengen er det lokale initiativ frå kommunane, frå fylka, om at ein ønskjer ein utvida bompengeperiode for å kunne finansiere og realisere viktige prosjekt. Det Framstegspartiet føreslår, er usikkerheit, utsetjing og at det er viktige prosjekt i området det ikkje vil kome vidare framdrift på.

Alfred Jens Bjørlo (V) [10:27:47]: På slutten av 1980-talet blei Førde kåra til Noregs styggaste by av ein av landets største aviser. Det var kanskje ikkje direkte usant då, men det er heldigvis lenge sidan, og slik er det ikkje i dag – tvert imot. Sidan den gongen har Førde, steg for steg og egentleg med tiltakande fart, utvikla seg i retning av å bli eit kraftsenter i gamle Sogn og Fjordane fylke og ein stadig meir attraktiv by å både bu i, arbeide i og besøkje. Det er resultatet av ein langsiktig og tverrpolitisk jobb av politikarar, folk og næringsliv på lokalt nivå, i godt samspel med fylke og stat under vekslende regjeringar i alle desse åra. Førdepakken har vore ein nøkkel i å gjere Førde til det byen held på å bli til no – ein by i vekst som tiltrekkjer seg folk, og som er stadig betre og tryggare å ferdast i.

Det denne saka handlar om, nemleg å utvide Førdepakken med fem nye år, gjer det òg mogleg å gjennomføre dei tiltaka som kanskje betyr aller mest for dei mjuke trafikantane i byen – gåande, syklande og dei stadig fleire skuleungane i sentrum av Førde. Det er dei tiltaka dette handlar om. Alle dei tiltaka Stortinget er invitert til å støtte her i dag, har tilslutning frå eit breitt fleirtal lokalt.

Eg er glad for denne saka. Eg vil nytte anledninga til å vise og få fram at den utviklinga som har skjedd og framleis held på å skje i Førde, er eit stjerneeksempel på korleis ein kan drive godt, langsiktig utviklingsarbeid for å skaffe ein tidlegare noko kaotisk, bilbasert tettstad ei framtid – som ein plass det er godt å ferdast i også for gåande og syklande, og på premissane til lokalbefolkninga som brukar byen til dagleg.

Eg vil òg nytte høvet til å understreke at arbeidet vårt med å utvikle Førde og regionen Sunnfjord ikkje er ferdig med dette. Vi har også ei anna viktig sak det skal jobbast med. Det er ny Hafstadfjelltunnel på E39 forbi Førde – eit prosjekt som er prioritert i Nasjonal transportplan. Det er eit prosjekt eg håpar og forventar at samferdsleministeren gjer det han kan for å sikre framdrifta i, slik at vi også kan få vekk gjennomgangstrafikken – til fordel for både langtransporten og dei som skal

langt på Vestlandet, og for dei som i dag får denne trafikken midt gjennom bykjernen i Førde.

Frank Edvard Sve (FrP) [10:31:00]: Det ser heldigvis ut til at landets befolkning og næringslivet ikkje er einig i representanten Sigbjørn Gjelsvik og Senterpartiet sin samferdselspolitikk, og slettes ikkje angående bompengar. Det ser ut til at Gjelsvik og Senterpartiet har skjønt at nygla er dregen ut i regjeringsbåten, og han søkk som ein stein for tida. Det har ein sjølv sagt fått med seg, og når båten søkk og ein ser at politikken ikkje fungerer, forsøker ein å ta andre sin politikk. Det fjerntar likevel ikkje sannheita at Senterpartiet ikkje har fremja ei krone i kutt i bompengar, så vidt eg kan hugse.

Når det gjeld situasjonen i Noreg med dagens regjering, er det ikkje rart at skuta søkk. Ein har ei regjering som har ført til skyhøge skattar og avgifter og offentlege inngrep. Straumprisane har gått til himmels, drivstoffprisane har gått til himmels, og renta har gått til himmels, og når ein skal byggje veg og prisane stig, sender ein rekninga til innbyggjarane. Då er det ikkje rart at ein har skjønt at skuta søkk. Det lever vi i Framstegspartiet ganske godt med, for vi ser at innbyggjarane er einige med oss i vår politikk.

Vi ønskjer å byggje mest mogleg veg, vi ønskjer å byggje mest mogleg veg utan bompengar, og vi ønskjer å redusere mest mogleg bompengar. Det har vi vist i vår eigen alternative nasjonale transportplan, som er vår plan for dei neste tolv åra. Om vi skulle kome dit at vi skal inn i eventuelle regjeringsforhandlingar til hausten og skal forhandle for å få vår politikk inn, står det i den nasjonale transportplanen vår kva vi ønskjer, og korleis vi ønskjer å byggje vegar. Det står om vegvedlikehald, trygge vegar og ikkje minst om kva vi ønskjer for jernbanen, slik at han ikkje står i sju steinar, som i dag.

Vi har ein plan for korleis vi ønskjer å gjere det. Vi er veldig undrande til kva planen til Senterpartiet eigenleg er, når det einaste leiaren i transportkomiteen, Sigbjørn Gjelsvik frå Senterpartiet, er oppteken av, er at Framstegspartiet ikkje har lagt inn pengar for å redusere bompengane i budsjettet vårt for i år. Vi har lagt inn kutt i bompengar en masse i NTP-en vår, og kvart einaste år då vi var i regjering, viste vi at vi kutta. Berre i mitt eige fylke kutta vi 1,3 mrd. kr i bompengar. Likevel er altså representanten Gjelsvik mest oppteken av Framstegspartiet, som i sitt alternative statsbudsjett har eit klart og tydeleg vedtak om at regjeringa skal ha ein omfattande plan for kutt i bompengar.

Regjeringsskuta søkk, og Senterpartiet ser det. Eg trur innbyggjarane er mest opptekne av kva politikk dei ulike partia ønskjer å fremje og drive. Framstegspartiet er tydeleg på at vi vil byggje veg, vi vil ha minst mogleg

bompengar, og vi vil ha ein offensiv samferdselspolitikk, til det beste for innbyggjarane og næringslivet.

Sigbjørn Gjelsvik (Sp) [10:34:13]: Først til representanten Bjørlo: Eg er heilt einig i at det har skjedd mykje positiv utvikling både i Førde og i området rundt i Sunnfjord over tid. Eg vil likevel seie at eg meiner at den merkelappen som nokre på eit tidspunkt forsøkte å gje tettstaden, nemleg Noregs styggaste tettstad, ikkje var riktig, verken den gongen eller i ettertid. Med så mykje fine folk som har kome frå regionen opp gjennom åra, er det klart at omgjevnadene vert stilte litt i skuggen av det, eg skjønar det, men likevel er dette eit område som historisk sett og over tid har vore viktig. Det har vore eit viktig senter i regionen, og det har utvikla seg positivt over tid. Ja, det er eit område der bilar og biltrafikk er viktig. Det har det historisk sett vore, og det vil vere viktig òg framover. Det er difor vi skal byggje nye vegar, bl.a. ny Hafstadfjelltunnel. For eigen del har eg gått på skule i Førde, på toppen av ei bilforretning, og eg syntest at det var ein fin plass å vere.

Så til representanten Sve, som tydelegvis nok ein gong synest det er krevjande når andre parti viser til kva Framstegspartiet faktisk prioriterer. Ja, det er heilt riktig at Framstegspartiet i mange samanhengar, i ulike dokument, snakkar om at dei er imot bompengar, men det som til sjuande og sist er avgjerande, er korleis ein prioriterer når ein skal prioritere pengar i budsjett. Då Framstegspartiet sat i regjering med samferdselsminister og finansminister, gjekk ikkje bompengane i Noreg ned, dei gjekk opp – og ikkje litt opp, dei gjekk opp frå ca. 8 mrd. kr til ca. 12 mrd. kr, altså 50 pst. auke i ein periode då Framstegspartiet sat med både samferdselsminister og finansminister.

Det er òg relevant å vise til kva dei ulike partia prioriterer når det kjem til stykket i dei ulike alternative budsjetta for 2025. Det er det det handlar om når det gjeld om det reelt sett vert auka bompengar eller reduserte bompengar. Framstegspartiet føreslo altså ikkje ei einaste krone i sitt alternative budsjett til reduserte bompengar.

Vi er bekymra for at bompengebelastninga nokre plassar i enkeltprosjekt og i området begynner å verte for stor. Som eg nemnde i mitt førre innlegg, var det i Senterpartiet og Arbeidarpartiet sin nasjonale transportplan færre bompengar enn i den nasjonale transportplanen frå føregående periode.

Presidenten [10:37:13]: Flere har ikke bedt om ordet til sak nr. 2.

Sak nr. 3 [10:37:16]

Interpellasjon fra representanten Erlend Larsen til samferdselsministeren:

